



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Digitalt
Dato: 29.03.2022
Tid: Kl. 20:00 - 23:35

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Linda Alice Myhre Larsen	
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Kim Gunnar Jensen	Kinn AP
Lars Terje Standal	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG
Odd Bovim	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Kjell Heggen	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt
Asgeir Olav Solheim	Kinn SP
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Randi Hagevik Aare	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Tom Andrè Vedvik Hopland	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV	Gitta Sas	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV		
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV	Bente Nilsen	Kinn SV

Andre som møtte:

Rolf Bjarne Sund

Møtenotater:

Orienteringssaker om prosjekt bemanning og økonomirapportering pr. februar 2022 utsatt til kommunestyremøte 07.04.2022.


Notat vert sendt ut frå administrasjonen.

Repr. Vidar Grønnevik forlot møtet før votering i sak 042/22 *Regional transportplan - konkrete innspel frå Kinn kommune*. Grønnevik var ikkje med å handsame eller votere i sak 043/22 og 044/22.

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
040/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
041/22	Godkjenning av møteprotokoll
042/22	Regional transportplan - konkrete innspel frå Kinn kommune
043/22	Konstituering kommunedirektør
044/22	Busetting av flyktningar 2022 - tilleggssanmodning frå IMDi



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/10165
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 23.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Kommunestyret	29.03.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 29.03.2022:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Sak 043/22 **Konstituering kommunedirektør** vert å handsama til slutt i møtet, i lukkat møte jfr. kommuneloven § 11-5 2. ledd.


Det vil og i løpet av møtet vert gjeve orientering om prosjekt bemanning og økonomirapportering pr. februar 2022.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 040/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
041/22	Kommunestyret	29.03.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 29.03.2022:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOST- 041/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 15.03.2022



Saksnr.	Utval	Møtedato
016/22	Samferdsleutvalet	23.03.2022
042/22	Kommunestyret	29.03.2022

Regional transportplan - konkrete innspel frå Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune spele inn følgjande konkrete prosjekt til RTP for 2022 – 2033, i prioritert rekkjefølgje.

1. Kystvegen. Svelgen – Indrehus.

Her visast det til tidlegare vedtak og plassering innanfor eksisterande prioriterte lister i fylkeskommunen.

2. FV 617 Kapellneset – Raudeberg

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid (spleiselag) mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og kabeletatar.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Økonomisk berekraft

3. FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen (VA) og kabeletatar. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Klima og miljøvennleg
- Økonomisk berekraft

4. FV 5715 Måløy – Vågsvåg

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom at på denne strekninga vil etablering av relativt få møteplassar gje vesentleg betre framkommeligheit og funksjonalitet.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik

- Effektivitet

5. FV 5704G/S Brandsøyvegen. Fullføring av G/S.

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom prosjektet gjennomførast «oppå» allereie etablert infrastruktur (VA og kabeletatat). Vidare vil det vere ei fullføring av eit prosjekt som allereie er starta opp. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Klima og miljøvennleg

6. FV 445 Lindheimsvegen Florø.

Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Klima og miljøvennleg
- Økonomisk berekraft

Kinn kommune er innstilt på dialog med fylkeskommunen om samarbeid, prosess og innhald i kvart av prosjekta.

Vedtak som innstilling frå Samferdsleutvalet - 23.03.2022

Kinn kommune vil spele inn følgjande konkrete vegprosjekt til RTP for 2022 – 2033, i prioritert rekkjefølgje.

1. Kystvegen Svelgen – Indrehus

Ny fylkesveg frå Svelgen til Indrehus må få positiv omtale i den nye regionale transportplanen, og utbygginga må få høgaste prioritet av fylkesveganlegga i perioden som no startar.

Bygging av bru frå Tongane til Biskjelneset og opparbeiding av tilførsleveggar på sør – og nordsida av brua må få positiv og konkret omtale i ny RTP.

2. FV 617 Kapellneset – Raudeberg

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid (spleiselag) mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og kabeletatar.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Økonomisk berekraft

3. FV 5704G/S Brandsøyvegen. Fullføring av G/S

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom prosjektet gjennomførast «oppå» allereie etablert infrastruktur (VA og kabeletatat). Vidare vil det vere ei fullføring av eit prosjekt som allereie er starta opp. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik

- Klima og miljøvennleg

4. FV 5715 Måløy – Vågsvåg

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom at på denne strekninga vil etablering av relativt få møteplassar gje vesentleg betre framkommeligheit og funksjonalitet. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet

5. FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen (VA) og kabeletatar. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Klima og miljøvennleg
- Økonomisk berekraft

6. FV 445 Lindheimsvegen Florø

Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Klima og miljøvennleg
- Økonomisk berekraft

Forslag til andre prioriterte område:

- Sykkelbyavtalen med Florø må vidareførast. Arbeidet i den avtalte partnerskapen mellom fylkeskommunen SVV og kommunen vart brote av regionale mynde. Denne må på plass igjen. Kinn kommune vil også ha ein dialog med fylkeskommunen om etablering av sykkelby for Måløy.
- Kinn kommune har nyleg vedteke trafikktryggleiksplan. Denne peikar på ei rekkje forhold/punkt på fylkesvegnettet. Kommunen har lagt til grunn, og forventar at det blir gjort tilgjengeleg midlar i fylkeskommunen til oppfølging av slik plan.
- Kommunen kostar i dag drift og vedlikehald på veglys på fylkesveg. Dette er eit ansvar som må over på fylkeskommunen. Det er etablert ein dialog kring dette. Kommunen forventar at dette blir fylgd opp slik at det blir lys på desse vegane når kommunen ikkje tek dette ansvaret på vegne av fylkeskommunen lenger.
- Rutefrekvensen i det såkalte «fylkeskommunale minstetilbodet» for lokalbåtrutene i Florøbassenget er for lav i forhold til behovet øysamfunnet har, og samsvarer då heller ikkje med måla 1,3 og 4 i planprogrammet for RTP 2022 – 2033.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland fylke.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Vi ber difor om at ein legg føringer i RTP som prioriterer kollektivtilbodet der dette utgjør den einaste sambindinga til fastlandet, og såleis er «fylkesvegen» til og frå skule, barnehage, arbeid, tenester og nødvendige servicetilbod.

Kinn kommune er innstilt på dialog med fylkeskommunen om samarbeid, prosess og innhald i kvart av prosjekta.

Samferdsleutvalet 23.03.2022:

Handsaming:

Tillegg angående rutefrekvens på fylkeskommunale båtruter, foreslått av Kim Gunnar Jensen, Kinn Arbeiderparti

Rutefrekvensen i det såkalte «fylkeskommunale minstetilbodet» for lokalbåtrutene i Florøbassenget er for lav i forhold til behovet øysamfunnet har, og samsvarer då heller ikkje med måla 1,3 og 4 i planprogrammet for RTP 2022 – 2033.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland fylke.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Vi ber difor om at ein legg føringer i RTP som prioriterer kollektivtilbodet der dette utgjør den einaste sambindinga til fastlandet, og såleis er «fylkesvegen» til og frå skule, barnehage, arbeid, tenester og nødvendige servicetilbod.

Tilleggspunkt fellesframlegg, foreslått av Kim Gunnar Jensen, Kinn Arbeiderparti

- Sykkelbyavtalen med Florø må vidareførast. Arbeidet i den avtalte partnerskapen mellom fylkeskommunen SVV og kommunen vart brote av regionale mynde. Denne må på plass igjen. Kinn kommune vil også ha ein dialog med fylkeskommunen om etablering av sykkelby for Måløy.

- Kinn kommune har nyleg vedteke trafikktryggleiksplan. Denne peikar på ei rekkje forhold/punkt på fylkesvegnettet. Kommunen har lagt til grunn, og forventar at det blir gjort tilgjengeleg midlar i fylkeskommunen til oppfølging av slik plan.

- Kommunen kostar i dag drift og vedlikehald på veglys på fylkesveg. Dette er eit ansvar som må over på fylkeskommunen. Det er etablert ein dialog kring dette. Kommunen forventar at dette blir fylgd opp slik at det blir lys på desse vegane når kommunen ikkje tek dette ansvaret på vegne av fylkeskommunen lenger.

Nytt punkt 1 - ny revisjon., foreslått av Kim Gunnar Jensen, Kinn Arbeiderparti

Framlegg til nytt pkt.1

Kim Gunnar Jensen

23.03.2022

Nytt punkt 1:

Ny fylkesveg frå Svelgen til Indrehus må få positiv omtale i den nye regionale transportplanen, og den utbygginga må få høgaste prioritet av fylkesveganlegga i perioden som no startar.

Bygging av bru frå Tongane til Biskjelneset og opparbeiding av tilførsleveggar på sør – og nordsida av brua må få positiv og konkret omtale i ny RTP.

Framlegg til endring av prioriteringsrekkefølge,, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

Forslaget går på at Punkt 5 vert prioritert opp som punkt 3 og tilsvarande at punkt 3 vert

sett som punkt5

Røysting:

Tilleggsforslag om nytt punkt 1 frå repr. Jensen samrøystes vedtatt.

Framlegg til endring av prioriteringsrekkefølge frå repr. Nydal vedtatt med 3 røyster frå repr. Grønnevik, Nydal og Eikevik.

Fellesframlegg samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag om båtruter frå repr. Jensen samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringar gjort frå samferdsleutvalet samrøystes vedtatt.

SAUV- 016/22 Vedtak:

Kinn kommune vil spele inn følgjande konkrete vegprosjekt til RTP for 2022 – 2033, i prioritert rekkjefølgje.

1. Kystvegen Svelgen – Indrehus

Ny fylkesveg frå Svelgen til Indrehus må få positiv omtale i den nye regionale transportplanen, og utbygginga må få høgaste prioritet av fylkesveganlegga i perioden som no startar.

Bygging av bru frå Tongane til Biskjelneset og opparbeiding av tilførsleveggar på sør – og nordsida av brua må få positiv og konkret omtale i ny RTP.

2. FV 617 Kapellneset – Raudeberg

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid (spleiselag) mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og kabeletatar.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Økonomisk berekraft

3. FV 5704G/S Brandsøyvegen. Fullføring av G/S

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom prosjektet gjennomførast «oppå» allereie etablert infrastruktur (VA og kabeletatat). Vidare vil det vere ei fullføring av eit prosjekt som allereie er starta opp. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Klima og miljøvennleg

4. FV 5715 Måløy – Vågsvåg

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom at på denne strekninga vil etablering av relativt få møteplassar gje vesentleg betre framkommeligheit og funksjonalitet.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet

5. FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen (VA) og kabeletatar. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Klima og miljøvennleg
- Økonomisk berekraft

6. FV 445 Lindheimsvegen Florø

Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte.
Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

- Tryggleik
- Effektivitet
- Klima og miljøvennleg
- Økonomisk berekraft

Forslag til andre prioriterte område:

- Sykkelbyavtalen med Florø må vidareførast. Arbeidet i den avtalte partnerskapen mellom fylkeskommunen SVV og kommunen vart brote av regionale mynde. Denne må på plass igjen. Kinn kommune vil også ha ein dialog med fylkeskommunen om etablering av sykkelby for Måløy.
- Kinn kommune har nyleg vedteke trafikktryggleiksplan. Denne peikar på ei rekkje forhold/punkt på fylkesvegnettet. Kommunen har lagt til grunn, og forventar at det blir gjort tilgjengeleg midlar i fylkeskommunen til oppfølging av slik plan.
- Kommunen kostar i dag drift og vedlikehald på veglys på fylkesveg. Dette er eit ansvar som må over på fylkeskommunen. Det er etablert ein dialog kring dette. Kommunen forventar at dette blir fylgd opp slik at det blir lys på desse vegane når kommunen ikkje tek dette ansvaret på vegne av fylkeskommunen lenger.
- Rutefrekvensen i det såkalte «fylkeskommunale minstetilbodet» for lokalbåtrutene i Florøbassenget er for lav i forhold til behovet øysamfunnet har, og samsvarer då heller ikkje med måla 1,3 og 4 i planprogrammet for RTP 2022 – 2033.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland fylke.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Vi ber difor om at ein legg føringer i RTP som prioriterer kollektivtilbodet der dette utgjer den einaste sambindinga til fastlandet, og såleis er «fylkesvegen» til og frå skule, barnehage, arbeid, tenester og nødvendige servicetilbod.

Kinn kommune er innstilt på dialog med fylkeskommunen om samarbeid, prosess og innhald i kvart av prosjekta.

Kommunestyret 29.03.2022:

Handsaming:

Kinn Venstre. Nytt Innspel Midtvegen FV 615 - "Norges nest verste veg", foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Prosjektet vil gje tryggleik reise for dei som pendlar mellom Florø/Eikefjord og Hyen/Sandane.

Vegen er og mykje brukt som omkjøringsveg ved stenging av hovedferdselsårer som E39 Mellom Førde og Sandane.

Det er stort behov for standardheving av Fylkesveg 615 for forhold som vegbreidde, kurvatur og sideterreng.

Det strekningsvise prosjektet for Fylkesveg 615 bør innehalde ein tiltaksplan for alle farlege punkt, inkludert skredsikring i Hopshammaren

Tillegg SP, foreslått av Tom André Vedvik Hopland, Kinn Senterparti
FV 617 kapellneset-raudeberg. Strekker seg forbi Snorre Seafood

Tillegg SP FV5715, foreslått av Tom André Vedvik Hopland, Kinn Senterparti
Endres til å dekke strekning Måløy-Oppedal

Endringsforslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
Prosjekt Kapellneset - Raudeberg blir prioritert på 4. plass og prosjekt Måløy - Vågsvåg
blir prioritert på 2. plass.

Endringsframlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Prosjekt Hovlandsvegen-Eikefjord heves til 4. plass.

Fellesframlegg frå Ap og V, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti
Kinn kommune vil spele inn følgjande konkrete vegprosjekt til RTP for 2022 – 2033, i
prioritert rekkjefølgje.

1. Kystvegen Svelgen – Indrehus Ny fylkesveg frå Svelgen til Indrehus må få positiv
omtale i den nye regionale transportplanen, og utbygginga må få høgaste prioritet av
fylkesveganlegga i perioden som no startar.

Bygging av bru frå Tongane til Biskjelneset og opparbeiding av tilførsleveggar på sør – og
nordsida av brua må få positiv og konkret omtale i ny RTP.

2. FV 617 Kapellneset – Raudeberg Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom
eit samarbeid (spleiselag) mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og
kabeletatar.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik

Effektivitet

Økonomisk berekraft

3. FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid mellom
fylkeskommunen, kommunen (VA) og kabeletatar. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.
Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik

Effektivitet

Klima og miljøvennleg

Økonomisk berekraft

4. FV 5715 Måløy – Vågsvåg Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom at på
denne strekninga vil etablering av relativt få møteplassar gje vesentleg betre
framkommeligheit og funksjonalitet.
Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik

Effektivitet

5. FV 5704G/S Brandsøyvegen. Fullføring av G/S Prosjektet vil gje «meir veg for

pengane» gjennom prosjektet gjennomførast «oppå» allereie etablert infrastruktur (VA og kabeletatat). Vidare vil det vere ei fullføring av eit prosjekt som allereie er starta opp. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik

Klima og miljøvennleg

6. FV 445 Lindheimsvegen Florø Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik

Effektivitet

Klima og miljøvennleg

Økonomisk berekraft

7. Prosjektet vil gje tryggleik reise for dei som pendlar mellom Florø/Eikefjord og Hyen/Sandane. Vegen er og mykje brukt som omkjøringsveg ved stenging av hovedferdselsårer som E39 Mellom Førde og Sandane. Det er stort behov for standardheving av Fylkesveg 615 for forhold som vegbreidde, kurvatur og sideterreng. Det strekningsvise prosjektet for Fylkesveg 615 bør innehalde ein tiltaksplan for alle farlege punkt, inkludert skredsikring i Hopshammaren

Forslag til andre prioriterte område:

Sykkelbyavtalen med Florø må vidareførast. Arbeidet i den avtalte partnerskapen mellom fylkeskommunen SVV og kommunen vart brote av regionale mynde. Denne må på plass igjen. Kinn kommune vil også ha ein dialog med fylkeskommunen om etablering av sykkelby for Måløy.

Kinn kommune har nyleg vedteke trafikktryggleiksplan. Denne peikar på ei rekkje forhold/punkt på fylkesvegnettet. Kommunen har lagt til grunn, og forventar at det blir gjort tilgjengeleg midlar i fylkeskommunen til oppfølging av slik plan.

Kommunen kostar i dag drift og vedlikehald på veglys på fylkesveg. Dette er eit ansvar som må over på fylkeskommunen. Det er etablert ein dialog kring dette. Kommunen forventar at dette blir fylgd opp slik at det blir lys på desse vegane når kommunen ikkje tek dette ansvaret på vegne av fylkeskommunen lenger.

Rutefrekvensen i det såkalte «fylkeskommunale minstetilbodet» for lokalbåtrutene i Florøbassenget er for lav i forhold til behovet øysamfunnet har, og samsvarer då heller ikkje med måla 1,3 og 4 i planprogrammet for RTP 2022 – 2033.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland fylke.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Vi ber difor om at ein legg føringer i RTP som prioriterer kollektivtilbodet der dette utgjør

den einaste sambindinga til fastlandet, og såleis er «fylkesvegen» til og frå skule, barnehage, arbeid, tenester og nødvendige servicetilbod.

Kinn kommune er innstilt på dialog med fylkeskommunen om samarbeid, prosess og innhald i kvart av prosjekta.

forslag til omprioritering frå KrF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

Som fellesforslag frå AP og V men der Brandsøyvegen vert prioritert opp som punkt 3 og Hovlandsvegen som nr 5

Leiar i Samferdsleutvalet, Vidar Grønnevik, orienterte.

Røysting:

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 1. Kystvegen Svelgen – Indrehus, samrøystes vedtatt.

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 2. FV 617 Kapellneset – Raudeberg votert opp mot endringsframlegg frå Raudt v/repr. Oldeide, nytt pkt. 2 Måløy - Vågsvåg.

Endringsframlegg frå Raudt fekk 5 røyster og falt, Raudt-4 og SP v/Hopland.

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 3 Hovlandsvegen vart votert opp mot innstilling frå Samferdsleutvalet pkt. 3. FV 5704G/S Brandsøyvegen. Innstilling frå samferdsleutvalet falt mot 13 røyster, KrF-1, Raudt-4, MDG-2 og SP v/ repr. Egeberg, Midtbø, Aare, Eikevik, Solheim og Kongsvik.

Munnleg endringsframlegg frå MDG v/repr. Bovim , Brandsøyvegen rykke opp til 4. plass, falt mot 5 røyster frå MDG-2 , KrF-1 , SP v/repr. Midtbø og Eikevik.

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 4 MFV 5715 Måløy – Vågsvåg, samrøystes vedtatt.

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 5. FV 5704G/S Brandsøyvegen, samrøystes vedtatt.

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 6. FV 445 Lindheimsvegen Florø, samrøystes vedtatt.

Fellesframlegg frå AP og V: Pkt. 7. FV 615 Hyen - Storebru, samrøystes vedtatt.

Tilleggframlegg frå SP v/repr. Hopland, Tillegg SP, FV5715, endres til å dekke strekning Måløy-Oppedal, samrøystes vedtatt.

Tilleggsframlegg frå SP v/repr. Hopland, Tillegg SP, FV 617 Kapellneset-Raudeberg, strekker seg forbi Snorre Seafood, samrøystes vedtatt.

Heilhetleg framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 042/22 Vedtak:

Kinn kommune vil spele inn følgjande konkrete vegprosjekt til RTP for 2022 – 2033, i prioritert rekkjefølgje.

1. Kystvegen Svelgen – Indrehus

Ny fylkesveg frå Svelgen til Indrehus må få positiv omtale i den nye regionale transportplanen, og utbygginga må få høgaste prioritet av fylkesveganlegga i perioden som no startar.

Bygging av bru frå Tongane til Biskjelneset og opparbeiding av tilførsleveggar på sør – og nordsida av brua må få positiv og konkret omtale i ny RTP.

2. FV 617 Kapellneset – Raudeberg, forbi Snorre Seafood

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid (spleiselag) mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og kabeletatar.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik
Effektivitet
Økonomisk berekraft

3. FV 611 Hovlandsvegen Eikefjord

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen (VA) og kabeletatar. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP.

Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik
Effektivitet
Klima og miljøvennleg
Økonomisk berekraft

4. FV 5715 Måløy – Oppedal

Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom at på denne strekninga vil etablering av relativt få møteplassar gje vesentleg betre framkommeligheit og funksjonalitet. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik
Effektivitet

5. FV 5704G/S Brandsøyvegen

Fullføring av G/S Prosjektet vil gje «meir veg for pengane» gjennom prosjektet gjennomførast «oppå» allereie etablert infrastruktur (VA og kabeletatat). Vidare vil det vere ei fullføring av eit prosjekt som allereie er starta opp. Prosjektet ligg inne i gjeldande RTP. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik
Klima og miljøvennleg

6. FV 445 Lindheimsvegen Florø

Prosjektet vil binde saman RV og FV nettet i Florø by på ein føremålstenlege måte. Prosjektet vil gje måloppnåing innanfor:

Tryggleik
Effektivitet
Klima og miljøvennleg
Økonomisk berekraft

7. FV 615 Hyen - Storebru

Prosjektet vil gje trygg reise for dei som pendlar mellom Florø/Eikefjord og Hyen/Sandane.

Vegen er og mykje brukt som omkjøringsveg ved stenging av hovedferdselsårer som E39 Mellom Førde og Sandane.

Det er stort behov for standardheving av Fylkesveg 615 for forhold som vegbreidde, kurvatur og sideterreng.

Det strekningsvise prosjektet for Fylkesveg 615 bør innehalde ein tiltaksplan for alle farlege punkt, inkludert skredsikring i Hopshammaren

Forslag til andre prioriterte område:

Sykelbyavtalen med Florø må vidareførast. Arbeidet i den avtalte partnerskapen mellom fylkeskommunen SVV og kommunen vart brote av regionale mynde. Denne må på plass igjen. Kinn kommune vil også ha ein dialog med fylkeskommunen om etablering av sykkelby for Måløy.

Kinn kommune har nyleg vedteke trafikktryggleiksplan. Denne peikar på ei rekkje forhold/punkt på fylkesvegnettet. Kommunen har lagt til grunn, og forventar at det blir gjort tilgjengeleg midlar i fylkeskommunen til oppfølging av slik plan.

Kommunen kostar i dag drift og vedlikehald på veglys på fylkesveg. Dette er eit ansvar som må over på fylkeskommunen. Det er etablert ein dialog kring dette. Kommunen forventar at dette blir fylgd opp slik at det blir lys på desse vegane når kommunen ikkje tek dette ansvaret på vegne av fylkeskommunen lenger.

Rutefrekvensen i det såkalte «fylkeskommunale minstetilbodet» for lokalbåtrutene i Florøbassenget er for lav i forhold til behovet øysamfunnet har, og samsvarer då heller ikkje med måla 1,3 og 4 i planprogrammet for RTP 2022 – 2033.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland fylke.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Vi ber difor om at ein legg føringer i RTP som prioriterer kollektivtilbodet der dette utgjør den einaste sambindinga til fastlandet, og såleis er «fylkesvegen» til og frå skule, barnehage, arbeid, tenester og nødvendige servicetilbod.

Kinn kommune er innstilt på dialog med fylkeskommunen om samarbeid, prosess og innhald i kvart av prosjekta.

Bakgrunn for saka:

Fylkeskommunen har i brev av 18.02.22 invitert kommunane til å komme med konkrete innspel til Regional transportplan (RTP) for 2022 – 2033. Frist for innspel er 1. april.

Saksopplysningar:

I fylkeskommunen sitt høyringsbrev heite det mellom anna:

Vi vil særleg be om innspel på følgjande:

- *Kva føremål er viktigast å prioritere i investeringsprogrammet, er det rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel eller midlar til store vegprosjekt*
- *Det er føreslått å avsetje 200 mill. kr. årleg til strekningsvise utbetringar av regionale hovudvegar (vegar i funksjonsklasse B), samt å setje i gang minst to større gang -og sykkeltiltak utanom Miljøløftet årleg. Det er også føreslått eigne løyvingar til rekkverk, vegljøs og til ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt. Vi vil be om synspunkt på dette.*
- *Vestland fylkeskommune ber kommunane gjere ei vurdering av moglege konkrete samarbeidsprosjekt med framlegg til spleiselag for finansiering. Vidare ber vi om innspel til korleis ein kan få mest mogleg for pengane for konkrete framlegg til prosjekt.*
- *Vi ber om synspunkt på om det er dei rette tiltak og prosjekt som er lagt inn i investeringsprogrammet, og kva som er viktigast å prioritere.*

Kommunedirektøren har «løyst denne oppgåva» ved å gjere framlegg om å prioritere konkrete fylkesvegprosjekt. I framlegget er det vist til kva for mål i RTP dei ulike prosjekta vil vere med å bidra til blir oppnådd. Det er laga og lagt ved faktaark som gjer fleire opplysningar om kvart prosjekt. Unntaket er kystvegen, kor det blir lagt til grunn at den er tilstrekkeleg opplyst i tidlegare rundar.

Fleire opplysningar om RTP, finn du her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/regional-transportplan/>

Vurderingar:

I framlegg til vedtak er det lagt vekt på finne ei prioritering som stettar fylkeskommunen sine vedtekne mål og føringar for utvikling av fylkesvegnettet. Kva for føringar og mål som er aktuelle for kvart prosjekt er vist i vedlagte faktaark.

Kommunedirektøren meiner det er riktig og viktig for ei større regionbygging å halde fast på realisering av kystvegen. Difor er Svelgen – Indrehus foreslått prioritert fyrst.

Kapellneset - Raudeberg står i dag ikkje på prioriterte listar i gjeldande RTP. Kommunedirektøren finn det likevel riktig å prioritere dette prosjektet høgt. Dette grunna det store potensiale for næringsutvikling i Raudebergområdet. Ikkje minst at det er viktig å sjå dette saman med det potensiale som ligg i dette området når ein i nær framtid får tilført store steinmassar frå Stad skipstunnel. Her er det viktig at kommunen legg til rette for ei samla stadutvikling, som igjen vil gje grunnlag for vidare utvikling av eit allereie potent næringsliv. Stikkordet er samarbeid mellom næringsaktørar, kystverket, kommunen og fylkeskommunen. Alt ligg til rette for å få til dette på Raudeberg. Da vil oppgradering av fylkesvegen vere ein utløysande faktor for å få til dette.

Hovlandsvegen er i dag ein svært krevjande veg for gåande og syklende. Det er nyleg vedteke ein reguleringsplan for bygging av gang/sykkelveg. Slik g/s vil vere utløysande for mellom anna bustadbygging i området. Det ligg føre rekkefølge om bygging av slik g/s for å kunne realisere byggefelt. Det er i fylkeskommunen sett av midlar til utskifting av to bruer på strekninga, som er i for dårleg forfatning i dag. Kommunen legg V/A i veggen, når bygging av g/s kjem i gong.

Måløy – Vågsvåg har i dag svært dårleg framkommelegheit. Her kjørerr det bussar med elevar, det er næringstrafikk med store bilar, og ikkje minst er det ei stor auke i turisttrafikken. Mindre tiltak med etablering av møteplassar vil utgjere ein stor forskjell her. Dette prosjektet kan kome «imellom» større prosjekt da det kan finansierast av avsetningar til gjennomføring av mindre tiltak.

Gang sykkelveg langs Brandsøyvegen er starta opp frå vest. Det mangle midlar til fullføring av det siste stykket i aust mot Brandsøya. Kommunedirektøren meiner dette prosjektet uansett må fullførast av fylkeskommunen, slik at det blir fullført på ein skikkeleg måte. Viss ikkje vil pågåande investering delvis vere bortkasta.

Kinn kommune har vedteke planar på både kommuneplan og reguleringsplannivå som legg til rette for ei tilfredsstillande samanbinding av fylkesvegnettet rundt Storåsen. Dette med utgangspunkt i RV 5. Ein slik veg vil gje eit logisk Køyremønster I Florø. Ikkje minst vil det gje betre framkommelegheit gjennom Stadionbakken. Her der det fleire gongar i løpet av dagen krevjande situasjonar med omsyn til framkommelegheit og stopp i trafikken. Dette rårer mellom anna skulebussar og næringstrafikk.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen må vere budd på å tilpasse sine investeringar innanfor VA på dei aktuelle strekningane, slik at dei blir gjennomført som ein del av prosjekta. Det kan medføre at dei må flyttast i høve det som er gjeldande økonomiplan.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«»

Vedlegg i saken:

Regional transportplan - høyringsinnspel

Innspel til RTP 2022 - 2033

Spleiselag - FV617


Kopi av Verdiskaping Raudeberg

FV617_veitegninger_D01_2022-03-10

not_FV617_D01_2022-03-10

Spleiselag - utbetring av FV617

Kopi av Verdiskaping Raudeberg
FV617_veitegninger_D01_2022-03-10
not_FV617_D01_2022-03-10



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/22	Kommunestyret	29.03.2022

Konstituering kommunedirektør

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

1. Øyvind Bang-Olsen vert konsituert i stillinga som kommunedirektør i Kinn kommune frå 01.05.2022 tom 30.04.2023.
2. Løn og anna godtgjersle vert å ta stilling i kommunen sitt forhandlingsutval.

Kommunestyret 29.03.2022:

Handsaming:

Alternativt punkt 1, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

1. Øyvind Bang-Olsen vert konstituert i stillinga som kommunedirektør i Kinn kommune frå 01.05.2022 tom 30.04.2023. Ein føresetnad for konstitueringa i stillinga er at partane (arbeidsgjevar og Bang-Olsen som arbeidstakar) vert samde om løn og andre vilkår.

Alternativt punkt 2, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

a) Kommunestyret delegerer til formannskapet å inngå bindande leiaravtale, avtale lønsvilkår mv.

b) Formannskapet drøftar føresetnader og premiss for leiaravtale, lønsvilkår mv. før forhandlingsutvalet går i drøftingar med Bang-Olsen.

c) Forhandlingsutvalet si innstilling skal danne grunnlag for formannskapet sitt vedtak i saka.

Alternativt punkt 2, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

a) Kommunestyret delegerer til forhandlingsutvalet å inngå bindande leiaravtale, avtale lønsvilkår mv.

b) Formannskapet drøftar føresetnader og premiss for leiaravtale, lønsvilkår mv. før forhandlingsutvalet går i drøftingar med Bang-Olsen.

Nytt punkt 3, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

3. Konstituert kommunedirektør har ingen fortrinnsrett til stillingen når den lyses ut.

Nytt punkt 2, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Forhandlingsutvalet si innstilling vert lagt fram for kommunestyret for endeleg avgjerd den 07.04.2022.

Kommunedirektør i kommunestyremøte, Rolf Bjarne Sund, orienterte.

Kommunestyret samrøystes eininge om at handsaming av saka skjer i lukka møte jfr. kommunelova § 11-5 2. ledd.

Røysting:

Alternativt punkt 1 fremma av V v/repr. Nødseth, samrøystes vedtatt.

Nytt punkt 2 fremma av ordførar Teigen, samrøystes vedtatt.

KOST- 043/22 Vedtak:

1. Øyvind Bang-Olsen vert konstituert i stillinga som kommunedirektør i Kinn kommune frå 01.05.2022 tom 30.04.2023. Ein føresetnad for konstituering i stillinga er at partane (arbeidsgjevar og Bang-Olsen som arbeidstakar) vert samde om løn og andre vilkår.

2. Forhandlingsutvalet si innstilling vert lagt fram for kommunestyret for endeleg avgjerd den 07.04.2022.

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektør Terje Heggheim har sagt opp stillinga si i Kinn kommune, for å ta til i tilsvarande stilling i Sunnfjord. Det er då behov for å konstituere i stillinga i Kinn inntil ein har fått plass ei permanent løysing.

Saksopplysningar/vurderingar:

Kven har vore med prosessen rundt konstituering?

Då det vart klart at kommunedirektørstillinga blei ledig har ordføraren involvert kommunen sitt forhandlingsutval (ordførar Ola Teigen (AP), varaordførar Sissel Kongsvik (Sp) og Morten Hagen (H)).

Ordførara har hatt samtalar med dei politiske gruppeleiarane, samt med kommunalsjefar og stabsleiarar, og vore tilstades i ATO-møte (samling av HTV i kommunen). I den samanheng peika ATO peika ut ein representant frå Fagforbundet og ein representant frå Utdanningsforbundet/UNIO er vald av dei til være med i prosessen vidare. Personalsjef har vore med i møte med KS og har vore delaktig med praktisk bistand.

I førebunde møte om konstituering, den 21.03.2022, var følgjande tilstades: Ola Teigen ordførar, Arlene Vågene (H), Frank-Willy Djuvik(FRP), Gustav Johan Nydal (KRF), Silje Ødegård Standal (AP), Daniel Henriksson (R), Edvard Iversen (V) ,Reidar Knapstad (HTV Utdanningsforbundet), Heidi Rønhovde (HTV Fagforbundet) og personalsjef Trond Ramstad Olsen.

Om rekruttering/konstituering:

Ved rekruttering i stillingar som dette, vil det vanlegvis ta ca 6mnd før erstattar er komen på plass (3 mnd rekrutterings- utvelgingsprosess, og 3 mnd forventa oppseiingstid i førre jobb).

For Kinn sitt vedkomande ville ein ny leiar først kunne være på plass seint på hausten 2022, midt i den pågåande budsjettprosessen. Dette, i saman med usikkerhet om Kinn si framtid, gjer at det lengda på konstituering er av betydning.

Avklaringa på spørsmålet om deling kan ta tid, og vil sannsynlegvis ikkje være klar før ved årskiftet 2022/23. Dette tilseier at det er hensiktsmessig å konstituere i ein lengre periode, og då inntil 12 månader.

Både KS og Statsforvaltaren er konsultert i spørsmål om konstituering, og har forståing for kommunen sitt spesielle behov, sjølv om det prinsipielt ikkje skal konstituerast lenger enn den tida det tar å rekruttere ny.

Når det gjeld spørsmål om kor lenge det skal konstituerast og kven som skal konstituerast, har det med bakgrunn dei samtalan/drøftingane ein har gjennomført, blitt semje om å anbefale at konstituering skal skje utan ekstern eller intern utlysing. Ein må peike ut ein eigna intern god kandidat.

Etter ein grundig gjennomgang, og vurdering av aktuelle kandidatar, inkludert praktiske omsyn, har ein kome til at det er ønskeleg å peike ut Øyvind Bang-Olsen som konstituert kommunedirektør. Han er i dag plansjef i Kinn, har lang fartstid som rådmann i Naustdal kommune, og er villig til å ta på seg dette oppdraget.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Arbeidsmiljølova, Kommunelova, delegeringsreglement



Saksnr.	Utval	Møtedato
044/22	Kommunestyret	29.03.2022

Busetting av flyktningar 2022 - tilleggsanmodning frå IMDi

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vil busette dei 175 personane IMDi har bedt kommunen om å busetje i 2022.

Kommunestyret 29.03.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar Kinn Utdannings- og ressurscenter KF ,Ninja Tolo Ness, orienterte

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 044/22 Vedtak:

1. Kinn kommune vil busette dei 175 personane IMDi har bedt kommunen om å busetje i 2022.

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med flyktningar og asylsøkjjarar

Innleiingsvis kan det vera nyttig å forklare ein del sentrale omgrep, og gjera greie for ansvarsdelinga mellom stat og kommune når det gjeld flyktningar og asylsøkjjarar.

Asylsøkjjarar

En person vert kalla asylsøkjjar når han eller ho har søkt om beskyttelse i Norge, og ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjort. Etter at asylsøkjjarar har fått endeleg svar på søknadane sine, vert dei ikkje lenger kalla for asylsøkjjarar. Dersom dei får positivt svar på søknaden, får dei opphaldsløyve som flyktning eller på humanitært grunnlag. Hvis dei får endeleg avslag på søknaden, må dei reise ut av Norge.

Flyktningar

Ein flyktning er ein person som fyller krava til å få beskyttelse i Norge.

Asylmottak

Drift av asylmottak er eit statleg ansvar. Det er UDI (utlendingsdirektoratet) som lyser ut konkurransar om drift av mottak. Det kan være private aktørar, ideelle

organisasjonar eller kommunar som driv asylmottak på vegne av staten. Kommunen er ansvarleg for helse- og omsorgstilbodet til alle sine innbyggjarar og ved etableringa av asylmottak inneber det at kommunen må stille med undervisning, barnehagetilbod, helsetilbod, tolk og barnevern. Utover det vil det vera staten som gjev, mat og kle og øvrige livsnaude goder til dei som bur i asylmottaket. Oppsummert kan ein seie at det er hovudsakleg er eit statleg ansvar å syte for handteringa av dei som kjem til landet som asylsøkjjarar inntil dei får eit svar på søknaden sin.

Arbeidet med busettingar av flyktningar

Etter at det ligg føre svar på søknaden om asyl startar arbeidet med busettinga i kommunane. Det er Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som kjem med oppmodingar til kommunane med spørsmål om kor mange flyktningar kvar kommune kan ta i mot. Det er deretter kommunestyret som tek avgjerd på kor mange som kan busetjast i kommunen. Etter at krigen i Ukraina braut ut har IMDi gjort ei kartlegging i landets kommunar for å sjekke ut kva kommunane greier å busetje av flyktningar i år. Kartlegginga fortel om ein førebels samla kapasitet på 22 000 personar, medan det no er anslått behov for 35 000 busetjingar.

Saksopplysningar:

Fredag 18. mars sendte Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) ut anmodning om busetting til alle landets kommunar og Kinn kommune vart i si anmodning beden om å busette 175 peronar.

Betydeleg auke i behovet

Norske kommuner har allerede blitt anmoda om 5 500 bosettingsplasser i 2022, og Kinn kommune om opprinneleg 40, men det var før krigen braut ut i februar. No ber IMDi kommunane om ei betydelig oppskalering av antall busettingsplasser. IMDi's anmodning er basert på utlendingsforvaltningens oppdaterte anslag og siste prognoser over ankomster av flyktninger til Norge. Fordelinga av busettingsbehovet per kommune er beslutta av IMDi, i samråd med KS

IMDi oppmodar kvar enkelt kommune til å fatte vedtak i tråd med antallet flyktninger dei blir anmoda om, og at busettingsplassane gjerast raskt tilgjengelig. Dei peikar på at kommunane har vist evne til å bygge opp kapasitet og kompetanse på kort tid ved tidligare massefluktsituasjonar. IMDi appellerer difor til auka innsats, og oppmuntrar kommunane til å busette flyktninger i tråd med anmodninga. For å jobbe fram gode kår til arbeidet med busettinga inviterar arbeids- og inkluderingsministeren til nær dialog med kommunane om korleis ein kan ta imot fleire. Torsdag 17. mars vart det første av ei rekke faste vekentlege møter mellom departementet og kommunane om busetting arrangert.

Viktig med rask oppbygging av tjenester

Kommunen har plikt til og ansvar til å gje eit tilbod til dei som vert busette, på lik linje med andre innbyggjarar i kommunen. For å lukkast i dette arbeidet set det krav til heile tenesteapparatet, samt at ein har ei heilskapleg tilnærming. Ei heilskapleg tilnærming inneber mellom anna ei samordning av kommunale tenester og integreringsarbeidet generelt. Tett dialog og gode avtaler mellom KURS KF og dei kommunale tenestene blir viktig, og at midlar vert tilført tenestene frå KURS KF i henhold til behov der

tenesteproduksjonen skjer. Flyktningane som kjem kan ha ulike behov for kommunale tenester, men dei største behova kan delast inn i fire ulike aspekt:

1. Busetting og etablering.

Dette inneber mottak av nye flyktningar, framskaffing av den første bustaden, samt etablering på lang sikt. Ei førebels kartlegging gjort av bustadkontoret viser at kommunen har tilgang på nok bustader til om å busette om lag 130 personar fordelt mellom Florø og Måløy. Det er også truleg at ein må busette meir desentralisert enn kva ein har hatt tradisjon for i kommunen, det kan til dømes bli aktuelt å busette både i Eikefjord og i Deknepollen. Mange privatpersonar har teke kontakt både med tanke på sal og utleige av bustader. Det er også grunn til å tru at ein del av dei 175 vil bli «sjølvbusett», det vil sei at dei sjølve vil evne å skaffe seg bustad, for så bli registrert som busett i kommunen.

2. Utdanning og arbeid.

For vaksne inneber dette introduksjonsprogram og norsk- og samfunnsfagopplæring, deretter vidare utdanning eller ordinært arbeid. For borna inneber det barnehage og grunnskule. Ei førebels kartlegging innan sektor oppvekst viser at det fins tilgjenglig areal til å bygge opp tenestene, men at det må brukast ressursar til personell og læremidlar. Transport og mangel på gode bussforbindelsar i Måløy vert nemnd som noko som kan skape utfordringar.

3. Helse

Dette inneber det helsemessige tenestetilbodet gjennom heile livsløpet for innvandrarar så vel som for befolkninga elles. Ei førebels kartlegging viser at det er kapasitet på legetenesta i Florø, men at det i Måløy er utfordringar knytt til tilgang på fastlegar. Helsestasjonen vil også få eit betydeleg meirarbeid ettersom ca 40 % av dei som kjem som flyktningar frå Ukraina er born. Det må også settast inn meir ressursar til gjennomføring av tuberkulosekontroll. Ytterlegare vurderingar frå kommunelege ligg ved som eige vedlegg i saka.

4. Deltaking i samfunnet

Dette handlar om nærmiljø, organisasjonsliv, og frivilligheit. Det å kjenne på ei tilknytning til staden ein bur og lever. At ein opplever at ein har ei betydning for andre og får vere ein aktiv deltakar i lokalsamfunnet. Kinn kommune har gjennom frivilligheitssentralen eit godt og utstrakt samarbeid med lag og organisasjonar både i Florø og Måløy. Ei førebels kartlegging gjennom dialogmøte viser at det er stor vilje blant frivililgheiten til å delta i arbeidet med inkludering.

Vurderingar:

Kinn kommune vil klare å busette 175 personar i 2022.

Basert på eit anslag på 35 000 flyktningar i 2022, eit folketal i Norge på 5.4 millionar, og eit folketal i Kinn kommune på 17 131 ville Kinn kommune sin relative andel vore å busette 111 flyktningar. Kinn kommune vil difor med å busette 175 ta eit stort ansvar i den formidable jobben som kommune-Norge no står ovanfor. Dersom alle kommunar hadde busette ein like stor andel sett i forhold til innbyggartal ville Norge klare å busette vel 55 000 flyktingar i 2022.

Økonomiske konsekvensar:

Integreringstilskotet som KURS KF mottok i samband med busetting skal sikre at kommunen arbeidar systematisk med busetting og integrering, og har som mål at flyktningane skal skaffe seg ordinært arbeid og verte sjølvhjulpne. Integreringstilskotet utgjør saman med tilskot til norskopplæring og samfunnsfag i stor grad det økonomiske grunnlaget for kommunen sitt busettings- og integreringsarbeid. I tillegg kjem inntekter via inntektssystemet.

Det vart i pressekonferanse 25.03 også opplyst regjeringen vil kompensere for utgifter til flyktningkapasitet som ikkje blir brukt.

«Kommunene skal ikke bli straffet for å ha brukt penger på en plass som ikke blir brukt»
sier statsministeren (Ap) på pressekonferansen.

Kompensasjonsordningen vil bli rekna ut ifra antall plasser som ikkje blir brukt.

Vedlegg i saken:

endelige-tall-2022

Uttale frå kommunelege

uttale frå kommunalsjef oppvekst